



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring

i Sogn og Fjordane 2012-2015



1. INNLEIING

1.1 BAKGRUNN, MANDAT, ORGANISERING OG PROSESS.....	4
1.2 OVERORDNA FØRINGAR	5
1.3 NOKRE NØKKELTAL FOR SOGN OG FJORDANE PER 15.08.2011	5
1.4 OMGREPSAVKLARINGAR.....	5

2. UTFORDRINGAR FOR VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

2.1 INNLEIING.....	6
2.2 REDUKSJON I ELEVTALET	6
2.3 BREIDDE OG KVALITET I OPPLÆRINGSTILBODET.....	6
2.4 UNGDOMMEN SITT VAL OG LOKALT NÆRINGS LIV.	7
2.5 STABILITET OG OMSTILLINGSEVNE.	7
2.6 SAMFUNNSROLLA.....	7
2.7 GJENNOMFØRING	7

3. MÅL FOR OPPLÆRINGA

3.1 INNLEIING	8
3.2 KVALITET PÅ OPPLÆRINGA - FELLESSATSINGAR I BEDRIFT OG SKULE	10
3.2.1 Gjennomføring/Ny GIV	10
3.2.2 Vurdering.....	10
3.2.3 Pedagogisk -psykologisk teneste	11
3.2.4 Skuleeigarrolla.....	11
3.3 KVALITET PÅ OPPLÆRINGA I SKULE	12
3.4 SATSINGAR	12
3.4.1 Klasseleiing.....	12
3.4.2 Digital satsing.....	12
3.4.3 Samfunnsrolla.....	13
3.4.4 Rekruttering og stabilisering.....	13
3.4.5 Bibliotektenesta.....	14
3.5 KVALITET PÅ OPPLÆRINGA I BEDRIFT	15
3.5.1 Satsing på kvalitet.....	15
3.5.2 Rett dimensjonering på opplæringstilbodet.....	15

4. FRAMTIDIG ORGANISERING

4.1 INNLEIING	16
4.2 KVALITET.....	16
4.3 VURDERING AV MOGLEGE MODELLAR FOR FRAMTIDIG ORGANISERING.....	17
4.4 VIDARE ARBEID.	18

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som mål:

- Elevar og lærlingar skal ha det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdomen i Sogn og Fjordane.
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle i høve kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket.
- Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.

Innleiing

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn, mandat, organisering og prosess

Opplæringslova regulerer plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er bu-sette i fylket. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringstilbod i samsvar med nasjonale mål, søkjarane sine ønske og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar (§13-3).

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte og føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (§1-3 og §13-3). Skuleeigar skal i følgje Opplæringslova § 13-10 ha eit forsvarleg system som sikrar at lova sine pålegg og elevane sine rettar blir følgd

og innfridd. Skulane og lærebedriftene skal i følgje forskrifta til Opplæringslova § 2-1:

«...jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skuleeigar har ansvaret for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadane».

Sidan 2001 har Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eit systematisk og målretta strategiarbeid samordna det politiske og administrative fokuset om felles mål og strategiar. Mål og strategiar har danna bakgrunn for eit strategisk handlingsprogram og har vore overordna alt utviklingsarbeid i sektoren.

Gjeldande mål- og strategidokument

for vidaregåande opplæring går ut i 2011. Politisk og administrativ leiding i fylkeskommunen har i dei føregåande periodane hausta gode erfaringar med å arbeide etter ein systematikk frå mål og strategiar til handling.

Hovudutval for opplæring vedtok 22.09.10 i sak 26/10 mandat for, og organisering av, mål- og strategiarbeidet.

Mandat for mål- og strategiarbeidet:

Strategiarbeidet skal med utgangspunkt i overordna styringsdokument setje mål og strategiar for utvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015.

Det skal utarbeidast eit kriteriesett for kvaliteten på opplæringa. Kriteriesettet skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar i dokumentet. Kriteriesettet skal ta utgangspunkt i tre kjerneområde:

- Læringsutbytte
- Danning
- Gjennomføring

Arbeidet skal vise korleis ein kan organisere vidaregåande opplæring i framtida. Organiseringa skal fremje god kvalitet, jfr. kriteriesett, og ha utgangspunkt i:

- Elevtalsutvikling
- Økonomiske rammer
- Rasjonell bruk av fylkeskommunen sine bygg og eigedommar
- Sannsynlege endringar i bu- og reisemønster.

Arbeidet skal vise korleis ein kan vidareutvikle og avklare vidaregåande opplæring si rolle som regional utviklingsaktør.

Strategiarbeidet skal omfatte både driftsutfordringar og utviklingstiltak.

Hovudutval for opplæring har vore styringsgruppe, og har hatt det overordna ansvaret for prosessen. Ei samla styringsgruppe står samrøystes bak dokumentet på alle punkt der det i teksten nedanfor ikkje er markert andre syn.

Fylkesdirektøren for opplæring har vore arbeidsutval og har hatt ansvaret for å greie ut konkrete problemstillingar undervegs og å produsere tekstdelane.

Det har vore oppnemnt ei breitt samansett referansegruppe. Denne gruppa har hatt representantar frå NHO, LO, KS, arbeidstakarorganisasjonane, dei vidaregåande skulane, elevane, lærlingane, opplæringskontora, fylkesdirektøren for plan- og samfunn, fylkesdirektøren for samferdsle, fylkesdirektøren for næring og fylkesdirektøren for kultur. Fagopplæringsnemnda har vore representert ved at nestleiararen sit i styringsgruppa (hovudutvalet) og at NHO og LO er representerte i referansegruppa.

Mål- og strategidokumentet skal gi rammer, retning og verdigrunnlag for utvikling av vidaregåande opplæring, samarbeid mellom skulane og mellom skule og bedrift, og synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.

Arbeidet har vore knytt opp mot tidlegare mål- og strategiarbeid for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Det vert også i inneverande planperiode lagt opp til ein balanse mellom utvikling og drift, med hovudfokus på innhald og kvalitet, og organisering av vidaregåande opplæring.

1.2 Overordna føringar

Mål- og strategidokumentet er forankra i opplæringslova med forskrifter, føringar i høve nasjonale satsingsområde for opplæringssektoren, regional planstrategi (frå 2012), regionale planar (noverande fylkesplan og fylkesdelplanar), årsbudsjett/økonomiplan og ansvarsbrev fra fylkesrådmannen. Desse styringsdokumenta gjev dokumentasjon for politikk og mål, og krav til verksemda for å oppnå desse måla.

For å ivareta fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, legg mål- og strategidokumentet opp til eit tett samarbeid med arbeids- og næringsliv, både i kommunane og regionane. Dette er særleg synleggjort i drøftinga av dei vidaregåande skulane si samfunnsrolle.

1.3 Nokre nøkkeltal

Tal for Sogn og Fjordane per 15. august 2011:

- 14 vidaregåande skular
- 4511 elevplassar (2. inntak skuleåret 2011/12)
- 247 grupper/klassar (2. inntak skuleåret 2011/12)
- 787 lærekontraktar og 51 opplæringskontraktar
- Totalt 1040 tilsette ved dei vidaregåande skulane, av desse er 786 i pedagogiske stillingar

1.4 Omgrepsavklaringar

Gjennom heile dokumentet er det nytta nemningane elev om alle som får opplæring i skule (også vaksne), og lærling om alle som får opplæring i bedrift (også lære kandidat).

Omgrepet lokalsamfunn er nytta gjennomgåande i dokumentet. Med dette er meint både offentleg og privat arbeids- og næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.

Kommunane vert i dokumentet peikt på som viktige samarbeidspartar for vidaregåande opplæring. Med kommunane er meint både kommunale skuleeigarar og einskildskular.

Utfordringar

2. Utfordringar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

2.1 Innleiing

Sogn og Fjordane ligg høgt når det gjeld elevprestasjonar både i grunnskule og vidaregåande opplæring utan at ein i dag kan peike på kva som er forklaringa på dette. Forsking som er igangsett vil kunne gje svar, slik at ein ved neste revisjon av mål- og strategidokumentet har eit betre grunnlag for å vurdere tiltak som kan tene til å halde oppe eller styrke kvaliteten på dette området.

Generelt er det likevel slik at læraren har mest å seie for eleven sitt læringsutbytte. Å rekruttere lærarar med høg kompetanse både fagleg og pedagogisk, vil difor vere ei sentral utfordring i åra framover.

2.2 Reduksjon i elevtalet

Den største utfordringa for Sogn og Fjordane fylkeskommune som skuleeigar vil etter alt å dømme komme som følge av nedgang i elevtal og reduserte overføringar frå staten. Med utgangspunkt i dagens 14 skuleeiningar og høge driftskost-

nader i skulesektoren, vil ein difor måtte vurdere nøye korleis ein organiserer opplæringstilbodet til ungdommen.

2.3 Breidde og kvalitet i opplæringstilbodet

Fylkeskommunen som skuleeigar pliktar å tilby alle utdanningsprogramma innan vidaregåande opplæring, anten i eigen regi eller ved kjøp av elevplassar hos andre. Eleven har rett til inntak på eitt av tre prioriterte ønskje. Retten gjeld utdanningsprogram, ikkje skulestad.

Ei vidareføring av dagens tilbudsstruktur vil neppe vere berekraftig. Framtidige økonomiske rammer vil truleg ikkje strekke til, fagmiljø vil kunne bli utarma, og situasjonen vil vere lite føreseieleg både for tilsette og elevar. Tidleg i planperioden bør det setjast i gang utgreiingsarbeid som kan klarleggje kva vegval fylkeskommunen står overfor, sjå omtale i kapittel 4.4.

2.4 Ungdommen sitt val og lokalt næringsliv

Lokalt næringsliv må i denne samanhengen forståast i vid tyding, dvs. næringslivet i Sogn og Fjordane fylke. For dei einskilde skulane er det naturleg å ha

samarbeid med bedrifter som ligg nær i reiseavstand, eller som ligg på eller nær eleven sin heimstad, men samstundes må skulane vere medvitne om at dei skal tene næringslivet i heile fylket.

Det er ei vedvarande utfordring å få til betre samsvar mellom elevane/lærlingane sine ønskje og lokalt næringsliv sitt behov for arbeidskraft. I somme bransjar er misforholdet særleg stort. Med fallande elevtal i åra framover vil utfordringane bli endå større enn i dag. Rekrutteringsvanskane er dessutan blitt forsterka ved at elevar som har fullført Vg2 i yrkesfag, i aukande grad søker seg til allmennfagleg påbygging.

Samarbeidet mellom skule og næringsliv kan bli endå tettare enn i dag. Dette gjeld både på fylkesplan, og mellom den einskilde skule og lokalt arbeids- og næringsliv. Behovet for rolleavklaring er stort. Overgangen mellom Vg2 og opplæring i bedrift er ein kritisk fase. Likeeins er faget prosjekt til fordjuping ein fellesarena mellom skule og bedrift som kan utviklast vidare.

2.5 Stabilitet og omstillingsevne

Planleggings- og utviklingsarbeid har som føresetnad m.a. at skulane har ein viss grad av stabilitet, og at situasjonen er føreseieleg både for skuleleiing og tilsette elles. Det er difor ønskjeleg at fylkeskommunen som skuleeigar har langsiktige planar for korleis opplæringstilbodet skal organiserast. Samstundes må skulane og fagmiljøa vere såpass robuste at dei evnar å omstille seg etter kvart som behov oppstår i arbeids- og næringsliv, og etter kvart som overordna styresmakter stiller nye krav til skulen som samfunnsinstitusjon.


Slik dei økonomiske utsiktene fortonar seg i dag, vert det også ei utfordring å skape ein buffer som kan gje rom for nye kostnadskrevjande tiltak. Døme på slike tiltak kan vere rekruttering, vidareutdanning av lærarar, den digitale satsinga, skulebiblioteka, maskiner og utstyr.

2.6 Samfunnsrolla

Dei vidaregåande skulane er viktige i dei samfunna der dei er lokaliserte. Fleire stader er dei vidaregåande skulane den største offentlege arbeidsgjeveren og tilfører såleis lokalsamfunnet høg kompetanse og interessante arbeidsplassar. Aktiviteten gir ringverknader i skulen sitt omland.

Dei fleste vidaregåande skulane i fylket har gode og moderne lokale. I dette ligg det eit potensiale for utvida samhandling med kommunar, lag og organisasjonar. Samstundes er det slik at fylkeskommunen er til stades på dei same skulestadane gjennom andre sektorar. Difor kan ein sjå for seg at både lokale og personale ved dei vidaregåande skulane kan nyttast meir aktivt enn i dag til oppgåver som fylkeskommunen skal utføre. Dette kan også ha den positive verknaden at dei ulike sektorane i fylkeskommunen vert knytte nærare saman og støttar opp om kvarandre. Iverksetjing av det samla planverket vil kunne bli meir einskapleg enn i dag.

Ei av dei største oppgåvene er likevel å utdanne, eller



stimulere, til entreprenørskap. Endringane i samfunnet skjer raskt, bedrifter har kort levealder, og elevar og lærlingar må i aukande grad vere skodde for endring og nyetablering.

Den raske endringstakten tilseier også at skule og bedrift må samarbeide om fagleg oppdatering. Dette kan skje gjennom utveksling av fagpersonar, samarbeid gjennom fagnettverk, bruk av bedrifter som læringsarena o.a.

2.7 Gjennomføring

Ei av dei største utfordringane for vidaregåande opplæring generelt, er det store talet ungdom som ikkje fullfører. Sjølv om Sogn og Fjordane kan vise til meir positive tal enn dei fleste andre fylke, er tendensen den same. Difor er vårt fylke også med i den nasjonale satsinga Ny Giv. Målet er å redusere fråfallet med 2 prosentpoeng pr år i planperioden.

I opplæringslova §13-3c er fylkeskommunen pålagt eit ansvar for å følgje opp det 13-årige løpet.

Fylkeskommunen skal etter oppdrag frå departementet rettleie om og medverke til kvalitetsutviklingstiltak som m.a. kan gi god samanheng mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. Departementet kan gi nærmare forskrifter om desse oppgåvene.

Den nasjonale satsinga Ny GIV er eit tidsavgrensa prosjekt. Gjennomføring vil derimot bli eit sentralt tema i møtet mellom fylkeskommunen og kommunane vidare framover, saman med andre tema som knytter seg til overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring.

Mål

3. Mål for opplæringa

Ønskt situasjon for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane innan 2015:

- Lærarane og instruktørane har høg fagleg og pedagogisk kompetanse.
- Alle elevar og lærlingar møter ei opplæring dei kan meistre og vekse på.
- Alle elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg.
- Alle elevar og lærlingar oppnår ein dokumentert og etterspurd kompetanse.
- I perioden 2012-2015 har talet elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring auka med 2 prosentpoeng årleg.

For å nå måla for opplæringa er det avgjerande med høg kvalitet. Det er tre kjerneområde for kvalitet på opplæringa - læringsutbytte, danning og gjennomføring. For å ha høg kvalitet på desse områda må opplæringa skje i samsvar med:

- Behov, føresetnader og forventningar hos den enkelte elev, lærling og føresette
- Samfunnet sine krav og behov, slik det er uttrykt gjennom lover, forskrifter og avtaleverk
- Å kunne møte samfunnet sitt kulturelle mangfald, fellesskap og sosiale samvirke.

- Kunnskap om og innsikt i pedagogikk og didaktikk. Det vil seie at opplæringa er organisert ut frå omsynet til den einskilde i ein heilskap basert på rammefaktorar, læreføresetnader, læringsmål, innhald, arbeidsmåtar og vurderingsformer.

For ei fylldig drøfting av kva som kjenneteiknar kvaliteten på opplæringa sjå vedlegg 1 «Kjenneteikn på kvalitet for vidaregåande opplæring.»

3.1 Innleiing

Kunnskapsløftet har gitt skuleeigar og den einskilde institusjon ei viktig rolle når det gjeld å definere innhald, metodar og val av verkemiddel for å realisere mål og intensjonar med reforma. Skulane og lærarane har fått ansvaret for, og må gjere greie for, kvaliteten på opplæringa og elevane sitt læringsutbytte. Den gode opplæringa set fokus på kvalitet og stimulerer til fagleg, personleg og sosial utvikling og meistring.

Kvalitetssystemet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal til ei kvar tid spegle nasjonale føringar for føremålet med opplæringa. Fylkesdirektøren gjennomfører årleg ein styringsdialog med dei vidaregåande skulane og kvalitetsdialog med opplæringskontora. Møta tek



utgangspunkt i strategisk handlingsprogram og utviklingsplanane til skulane. Fylkestinget har vidare vedteke Balansert målstyring som kvalitetssystem i Sogn og Fjordane. Det er utarbeidd overordna og sektorvise målekart som skal leggast til grunn for rapportering i heile den fylkeskommunale verksemda.

I forsøk på å systematisere og klargjere arbeid med vurdering og utvikling av kvalitet, er det i dag mange som skil mellom tre perspektiv:

Strukturkvalitet

• Strukturkvalitet beskriv ytre føresetnader som regelverk og nasjonale læreplanar, ressursar til opplæring og leining, lærarkompetanse, utstyr og fysiske rammer som bygningar og funksjonaliteten av desse.

Prosesskvalitet

• Prosesskvalitet er eit mål på dei indre aktivitetane på lærestaden, sjølv arbeidet med planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa. Det dreier seg om t.d. korleis elevar, lærlingar og pedagogisk personale ser på arbeidet sitt og samspelet mellom dei ulike aktørane og interessentane.

Resultatkvalitet

• Resultatkvalitet er det ein vil oppnå med det pedagogiske arbeidet, det vil seie kva eleven/lærlingen har lært, og kva

kompetanse ho/han har oppnådd. Opplæringslov og læreplanverk føreset at resultat kvaliteten omfattar det heilskaplege læringsutbytte.

Desse perspektiva gir verdifull informasjon, som saman med styringsdialogen og målekartet gir eit godt grunnlag for å peike ut innsatsområde for kvalitetsarbeidet. Måla for opplæringa, resultat kvaliteten, er felles for opplæringa i skule og bedrift. Samstundes har skulen og lærebedrifta ulike oppgåver og premisser for den læringa som skal finne stad. Prosess- og struktur kvaliteten vil ha fellestrekk i skule og bedrift, men dei er samstundes så ulike at ein har valt å skilje nokre av måla- og strategiane for opplæringa i skule og bedrift.

I ein prosess med dei vidaregåande skulane, styringsgruppa, fagopplæringsnemnda og referansegruppa har ein identifisert satsingsområde som er viktige å prioritere i planperioden (ikkje prioritert rekkjefølgje).

Fellessatsingar for opplæring i skule og bedrift:

- Gjennomføring/Ny GIV
- Vurdering
- Skuleeigarrolla

Satsingar for opplæring i skule:

- Digital satsing
- Klasseleining
- Samfunnsrolla
- Rekruttering og stabilisering
- Bibliotektenesta

Satsingar for opplæring i bedrift:

- Kvalitet
- Rett dimensjonering på opplæringstilbodet

I tillegg til dei prioriterte satsingane er det avgjerande å oppretthalde fokus og høg kvalitet innanfor områda tilpassa opplæring, elevmedverknad, entreprenørskap, internasjonalisering, rådgjeving, psyko-sosialt læringsmiljø, lærande organisasjon, samarbeid heim-skule og fysisk miljø.

Ein viktig del av skuleeigar sitt kvalitetstryggingssystem er dei vidaregåande skulane sine utviklingsplanar. Utviklingsplanen er skulen sitt planleggings- og styringsverktøy. Skulen sin utviklingsplan skal gje oversikt over skulen sine eigne definerte utviklingsbehov og mål, samstundes som planen også tek opp i seg nasjonale prioriteringar og føringar frå skuleeigar. I tillegg til fellessatsingane i mål- og strategidokumentet har dei einskilde vidaregåande skulane identifisert eigne satsingsområde ut i frå lokale behov og utfordringar i planperioden. I vedlegg 2 er det eit tematisk oversyn over desse satsingane.

Politisk og administrativ leining i fylkeskommunen må i samband med den årlege rulleringa av handlingsprogrammet gjere ei vurdering av om kvaliteten på dei ovanfor nemnde områda er tilfredstillande. Om ein finn det naudsynt kan enkeltområde lyftast opp som eigne satsingar i

planperioden. I løpet av planperioden må mål- og strategidokumentet også reviderast i tråd med endringar som oppstår. Mellom anna skal det vedtakast ny fylkesplan og Kunnskapsløftet skal evaluerast fram mot 2014.

3.2 Kvalitet på opplæringa - fellessatsingar i bedrift og skule

3.2.1 Gjennomføring/Ny GIV

Samfunnet har ansvaret for å sjå til at den like retten til utdanning blir reell.

Målet med opplæringa er å utvide barn, unge og voksne sine evner til erkjenning og oppleving til innleving, utfalding og deltaking. (Læreplanverket til Kunnskapsløftet)

Delmål

- Færre ungdomar som verken deltek i opplæring eller er i arbeid.
- Eitt felles data og statistikkgrunnlag for å vurdere måloppnåing.
- Systematisk samarbeid mellom kommunar og fylkeskommune om oppfølging av elevar med svake faglege prestasjonar og føresetnader for å gjennomføre vidaregåande opplæring.
- Systematisk samarbeid mellom fylkeskommune og NAV om ungdom som over tid har vore ute av utdanning og arbeidsliv.
- Elevar og lærlingar har gode grunnleggande dugleikar frå grunnskulen.

Gjennomføring var også ein sentral del av førre mål- og strategidokument. Det er eit politisk mål at så mange som mogleg gjennomfører ei 13-årig grunnopplæring. Ei heilskapleg grunnopplæring blir sett på både som ein viktig føresetnad for vegen vidare i yrke og utdanning, som grunnlag for sosial utjamning og som føresetnad for eit aktivt og meningsfylt liv.

Elevar og lærlingar med svake faglege resultat og låg motivasjon er særleg utsette for å ikkje fullføre opplæringa. Fråfall er i mindre grad resultat av eit akutt problem. Ein veit at fråfallet har samanheng med tilhøve tidleg i opplæringsløpet og tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring må difor også rettast mot grunnskulen.

Den viktigaste suksessfaktoren i arbeidet for å redusere fråfall er heilskapstenking, samspel, systematikk og forankring på ulike nivå. God og relevant yrkes- og karriererettleiing er ein vesentleg føresetnad for at den einskilde elev tek reflekterte og medvitne avgjersler i høve val av utdanning og yrke

Ny GIV er eit tre-årig prosjekt (2010-2013) i regi av Kunnskapsdepartementet som har som mål å etablere eit varig samarbeid mellom stat, fylkeskommunar og kommunar for å betre elevane og lærlingane sine føresetnader for å fullføre og bestå vidaregåande opplæring.



Gjennomføringsstrategiar

- Etablere nye og styrke strukturar i arbeidet med overgangane i vidaregåande opplæring.
- Auka kvaliteten på statistikkgrunnlaget og utarbeide eit felles data- og statistikkgrunnlag.
- Nytte relevant informasjon til bruk i kvalitetsarbeidet og til utforming av tiltak på nasjonalt og lokalt nivå.
- Styrke samarbeidet mellom vidaregåande opplæring i skule og bedrift, oppfølgingstenesta og NAV.
- Evaluere og justere arbeidet til oppfølgingstenesta.
- Gjennomføre kartleggingsprøver
- Kompetanseheving til alle som er involvert i yrkes- og karriererettleiing
- Styrking av karriererettleiing gjennom aktiv bruk av faga utdanningsval og prosjekt til fordjuping.
- Tett oppfølging av lærebedrifter gjennom rettleiing og rapportering.
- Yrkesretting av faga.
- Kompetanseheving

3.2.2 Vurdering

Delmål

- Ein lærings- og vurderingskultur med læring som mål.
- Lærarar og instruktørar har høg vurderingskompetanse.
- Underevgsvurderinga har læring og utvikling som mål gjennom at
- Elevane og lærlingane forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei.
- Elevane og lærlingane får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Elevane og lærlingane får råd om korleis dei kan betre arbeidet eller faglege prestasjonar.
- Elevane og lærlingane er involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i Utdanningsdirektoratet si fireårige (2010-2014) satsing på vurdering for læring. Målet er at vurdering vert nytta som grunnlag for vidare læring og til å utvikle kompetanse. Vurdering omfattar vurdering for læring, vurdering som læring og vurdering av læring.

Grunnlaget for elev- og lærlingvurdering er læreplanane og forkrifta til opplæringslova.

I forskrifta vert omgrepa undervegsvurdering og sluttvurdering nytta. Undervegsvurderinga skal medverke til å fremje læring, utvikle kompetanse og gje grunnlag for tilpassa opplæring. Undervegsvurderinga skjer jamleg som rettleiing der både lærar/instruktør og elev/lærling får informasjon om eleven/lærlingen sin faglege progresjon. Sluttvurderinga skal gje informasjon om nivå ved avslutning av opplæringa.

Gjennomføringsstrategiar

- Vidareutvikle lærarane/instruktørane sin vurderingspraksis gjennom å auke forståinga for vurdering som reiskap for læring.
- Utvikle kompetanse i vurdering for læring hjå skuleeigarar, skuleleiarar, lærarar, instruktørar, lærlingar og elevar.
- Rettleiing og støtte i vurderingsarbeidet av regionale ressurspersoner og/eller kompetansmiljø.
- Etablere eit systematisk og målretta lærarsamarbeid om vurdering i fagnettverka.

3.2.3 Pedagogisk -psykologisk teneste

Delmål

- Pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn og Fjordane har høg kvalitet på tenestene sine, både på individ- og systemnivå.
- Pedagogisk-psykologisk teneste har kompetanse og kapasitet som samsvarar med brukarane sine behov.
- Pedagogisk-psykologisk teneste er organisert på ein måte som sikrar brukarane høg kvalitet og nærleik til tenestene.

Som skuleeigar og ansvarleg for vidaregåande opplæring er det viktig for Sogn og Fjordane fylkeskommune å ha ei stabil og fagleg sterk pedagogisk-psykologisk teneste. PP-tenesta sitt mandat må difor byggje på eit overordna og heilskapleg perspektiv, særskilt når det gjeld det systemretta arbeidet.

I Sogn og Fjordane er PP-tenesta i hovudsak organisert som ei gjennomgåande teneste for heile grunnopplæringa (inkludert bedriftsopplæringa), gjennom samarbeidsavtalar mellom kommunane og fylkeskommunen. Det gjennomgåande fokuset gir tenesta ein styrke, men organiseringa med ulike eigarar gjer det likevel utfordrande å få til ei felles og einsarta utvikling.

I St.meld. 18 Læring og fellesskap (2010-11) presenterer Kunnskapsdepartementet fire «forventningar» til pp-tenesta, under overskrifta «PP-tjenesten – tettere på for tidlig innsats»:

- PP-tenesta er tilgjengeleg og bidreg til heilskap og samanheng
- PP-tenesta arbeider førebyggjande
- PP-tenesta bidreg til tidleg innsats i barnehage og skule
- PP-tenesta er ei fagleg kompetent teneste i alle kommunar og fylkeskommunar

Kunnskapsdepartementet foreslår i St.meld.18 (2010-11) ny organisering, styring og tenesteprofil for det statlege spesialpedagogiske støttesystemet, Statped. Omorganiseringa

skal gje ei teneste som tek utgangspunkt i lokale behov for kompetanse, rettleiing og oppfølging, og som i større grad arbeider førebyggjande og systemretta.

Endringane i tenesteprofil for Statped vil ha konsekvensar for organisering, samarbeidsformer og prioriteringar i PP-tenesta. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil difor samarbeide med Statped og kommunane i den vidare utviklinga av PP-tenesta i fylket. God rekruttering og gode rammevilkår for kompetanseutvikling er viktige suksessfaktorar.

Gjennomføringsstrategiar

- Plan for utvikling av PP-tenesta skal evaluerast og rullerast i komande planperiode.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune skal gjennom samarbeid med kommunane leggje til rette for:
 - PP-tenesta sitt systemretta arbeid.
 - Rekrutteringsarbeid og kompetanseutvikling.
 - Tenleg organisering og dimensjonering.

3.2.4 Skuleeigarrolla

«Når politikerne går inn i en aktiv skoleeierrolle, øker dette sannsynligheten for at politikerne klarer å skape en helt sentral forbindelseslinje inn mot skolens organisasjonskapasitet og interne kvalitetssikring. Ved å gjøre skolene ansvarlige for den interne kvalitetsutviklingen, men samtidig bygge en gjensidig forståelse omkring hva som ligger i skoleeieransvaret, kan politikerne legge et viktig grunnlag for en helhetlig aktørberedskap som eksplisitt er opptatt av skolens utvikling og elevenes læring» (Langfjæran et al. 2009:95).

Delmål

- Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein aktiv og synleg skuleeigar, med eit breitt kunnskapsgrunnlag for styringa av vidaregåande opplæring.
- Administrasjonen har kompetanse, kapasitet og evne til å utvikle vidaregåande opplæring.
- Skuleleiinga har kompetanse som sikrar at vedteken politikk vert realisert.

For å betre kvaliteten på opplæringa må skuleeigar forstå og støtte læringsprosessar og utviklingsarbeid på skule- og bedriftsnivå. Skuleeigar må både politisk og administrativt evne å vurdere korleis fylkeskommunen løysar skuleeigarrolla si og ha kunnskap om korleis ein endrar praksis både på skule- og skuleeignivå. Nøkkelen til aktivt skuleeigarskap ligg i eit styrkt og kunnskapsutviklande samspel mellom politisk skuleeigar, administrativt nivå, profesjonsgruppene (lærarar, instruktørar, faglege leiarar og skuleleiarar), elevar, lærlingar, føresette, arbeidsliv og ulike aktørar i lokalsamfunnet. Aktive skuleeigarar er sjølvstendige premissleverandørar for korleis ein formulerer, følgjer opp og evaluerer mål og tiltak innanfor opplæringssektoren.

Vi treng politikarar med ambisjonar, engasjement og innsikt. Gjennom aktivt skuleeigarskap kan politikarane få innsikt i, og ta medansvar for, skule og bedrift sine føresetnader, prosessarbeid og resultat.

Auka erkjenning av

kva ansvar som ligg til skuleeigar får konsekvensar for samhandlinga mellom politikarar, administrasjon og skule/bedrift. Auka politisk involvering stiller også større krav til både administrativt nivå og skulane/fagopplæring fordi politikarane vil be om informasjon, dokumentasjon og tilbakemeldingar.

Gjennomføringsstrategiar

- Politkarvitalisering gjennom auka kunnskapsgrunnlag.
- Vidareutvikling av eit kvalitetssystem basert på forventningsbasert ansvarsstyring (jmf. vedlegg 1 "Kjenneteikn på kvalitet for vidaregåande opplæring").
- Kompetanseheving hjå administrativ skuleeigar.
- Kompetanseheving av skuleleiarar.

3.3 Kvalitet på opplæringa i skule

Forsking peikar særleg på fire område som må ha høg kvalitet for at elevane skal ha høg grad av fagleg, sosialt og personleg læringsutbytte:

- lærarrolla
- læringsmiljø
- heilskap i opplæringa
- lærande organisasjon

Særleg læraren vert framheva, både i sentrale styringsdokument og i nyare forsking, som den viktigaste enkeltfaktoren i høve elevane si læring og danning. Samstundes er det viktig å streke under at elevane har eit sjølvstendig ansvar for eiga utvikling og læring. Pedagogisk verksemd har ein kompleksitet der ei rekkje forhold verkar inn på kvarandre og ein kan ikkje isolere ein forklarande faktor (Roald 2010).

I vedlegg 1 «Kjenneteikn på kvalitet for vidaregåande opplæring» er det ei grundig drøfting av kva som må til for å ha høg kvalitet innanfor desse områda.

3.4 Satsingar

3.4.1 Klasseleiing

Delmål

- Lærarane utøver god leiing av læringsarbeidet og evnar å gje elevane ansvaret for å utforme og etterleve reglar.

God klasseleiing er i forkinga framheva som eit grunnleggjande vilkår for læring. Den gode klasseleiararen er den som har ein god relasjon til elevane, samstundes som han/ho har kontroll og struktur i opplæringa. Læraren skal legge til rette for at læring skjer i ein inkluderande kontekst, både individuelt og i fellesskap med andre.

Gjennomføringsstrategiar

- Vidareutvikle lærarane sin klasseleingspraksis gjennom å auke forståinga for klasseleiing som reiskap for læring.
- Kompetanseheving av lærarar i klasseleiing.
- Etablere eit systematisk og målretta lærarsamarbeid om klasseleiing i fagnettverka.



3.4.2 Digital satsing

Delmål

- Elevar, skuleleiarar, lærarar og skulebibliotekarar er digitalt kompetente.
- IKT er ein naturleg og integrert del av opplæringa.
- Det er etablert ein læringskultur der digitale verktøy og læringsressursar er med å auke læringsutbyttet.
- Dei digitale skilja i skulen er reduserte.
- Skulane er prega av ein delingskultur.

For å meistre den digitale kvardagen må ein ha kjennskap til, og kunne gjere seg nytte av, grunnleggjande digitale reiskapar og vere digitalt danna.

Digital kompetanse må forståast som ein samansett kompetanse, der det er vanskeleg til ei kvar tid å konkretisere kva kunnskap ein må ha. Omgrepet omfattar både tekniske dugleikar, digital danning, kjeldekritikk og å kunne ta inn over seg, omarbeide, nytte og produsere kunnskap og informasjon gjennom digitale medium og utstyr. Den digitale kompetansen støttar opp om den faglege og didaktiske kompetansen.

Digitale verktøy og hjelpemiddel vert nytta medvite i opplæringa av fagdidaktiske og pedagogiske grunnar. Ein føresetnad for dette er god klasseleiing.

Gjennomføringsstrategiar

- Strategisk plan for pedagogisk bruk av IKT skal evaluerast og rullerast i komande planperiode.
- Skuleleiarane er pådrivarar i å integrere den digitale satsinga i skuleutviklinga.
- Kompetanseheving av elevane og lærarar i digital kompetanse.
- Skulebiblioteket skal vere ein ressurs

i utviklinga av læraren og elevane sin informasjonskompetanse.

- Kvar skule skal ha ein plan for bruk av IKT som integrert del av opplæringa.
- Auke medvitet til lærarar og elevar rundt pedagogisk bruk av digitale verkøy og ressursar.
- Legge til rette for utprøving av eksisterande og ny teknologi.
- Legge til rette for deling.

3.4.3 Samfunnsrolla

Delmål

• ELEVEN

SAMFUNNSENGASJEMENT OG DEMOKRATISK DELTAKING
I samarbeid med lokalsamfunnet, og gjennom internasjon-
alisering, utviklar den vidaregåande opplæringa dyktige og
samfunnsengasjerte ungdommar. Dei skal vere i stand å
leve eit godt liv i eit fleirkulturelt samfunn og ei globalisert
verd.

ARBEID OG NYSKAPING

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane kvali-
fiserer ungdom og vaksne for produktiv og nyskapande
innsats i arbeidslivet. Yrkesopplæringa legg særleg vekt på
å stimulere dei til å gå inn i lokalt næringsliv.

LOKALSAMFUNNET SOM LÆRINGSARENA

I alle utdanningsprogram opplever elevane at lokalsamfun-
net er ein læringsarena i tillegg til klasserom og verkstad.
Alle elevar i yrkesfaglege program får ein del av opplærin-
ga si gjennom utplassering i bedrift.

VAL AV YRKE

Alle elevar har eit godt grunnlag for val av yrke eller vidare
utdanning. Dette skjer gjennom erfaring frå arbeidsliv, god
rådgjeving og karriererettleiing.

IDRETT, FRILUFTSLIV, FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSE
Ungdom blir stimulert til ein sunn og helsefremjande livs-
stil. Det vert lagt til rette for ein best mogleg kombinasjon
mellom utdanning og idrettsutøving.

• SAMFUNNET

- Dei vidaregåande skulane er kompetansesenter i kom-
munane/regionen der dei ligg.
- Det er god rolleavklaring mellom skule og næringsliv når
det gjeld oppgåver og ansvar i samband med fagopplærin-
ga. Det er rasjonell sambruk av lokale og utstyr mellom
skule, næringsliv og lokalsamfunn elles.
- Gjennom samarbeid med næringslivet vert ungdom
stimulert til å gå inn i lokale yrke. Fagnettverk med deltak-
ing frå skule og bedrift fungerer godt.
- Det er gjensidig kompetanseutveksling mellom skule og
næringsliv. Kvar av dei vidaregåande skulane har funne sitt
område for kompetansetilbod til samfunnet rundt.

Skulen si samfunnsrolle kan sjåast i to perspektiv. I norsk
tradisjon står det sentralt at born og unge, gjennom opplærin-
ga i skule, skal førebust til eit liv som samfunnsborgarar. Dei
skal tilførast ei etisk ballast, dei skal forstå eit demokratisk
styringssystem og delta aktivt i det. På den andre sida skal
skulen også stette behov i nærings- og arbeidsliv. Denne sida
av skulen sitt samfunnsoppdrag har vorte tydelegare dei sei-
naste tiåra, og er særleg aktuelt i eit fylke der talet på born
og unge er fallande.

Dei vidaregåande skulane er kompetansesenter først
og fremst i den forstand at dei har tilsette med høg fagleg og
pedagogisk standard. Særleg den faglege delen må utviklast
og ajourhaldast gjennom samarbeid med næringslivet. Den
pedagogiske kompetansen, som skulane har, bør i større grad
enn no komme lærlingane og lærebedriftene til gode, både
ved overgangen frå skule til bedrift og under læretida.

I tillegg til fagleg og pedagogisk kompetanse hjå
lærarpersonalet, har skulane sin styrke når det gjeld å organ-
isere opplæring, t.d. i form av kurstilbod og samarbeid med
frivillige organisasjonar t.d. innan idretten. Dette samarbeidet
kan vidareutviklast, jamfør tilråding frå ei arbeidsgruppe som
har sett på korleis skule og idrett kan utvikle toppidrettsutø-
varar i Sogn og Fjordane.

Gjennomføringsstrategiar

- Halde fram folkehelsearbeidet, til dømes gjennom tilbod
om sunn mat i skulekantinene, drive tobakksforebyg-
gande arbeid, betra skulehelseteneste o.a.
- Støtte opp under internasjoniseringstiltak som skjer i
regi av både skular og bedrifter.
- Vurdere rolla til, og arbeidsområdet for arbeidslivskontak-
tane.
- Stimulere til entreprenørskap og nyskaping, jfr. pkt 2.2.4
i vedlegg 1.
- Leggje tilhøva til rette for arbeidet i faglege nettverk,
både mellom skular og mellom skule og bedrift.
- Auke talet på elevar som får erfaring frå arbeidslivet
gjennom faget prosjekt til fordjuping.
- Leggje tilhøve betre til rette for hospitering.

Dei einskilde vidaregåande skulane har identifisert egne
satsingsområde for lokalsamfunnsrolla ut i frå lokale føreset-
nader og behov. I vedlegg 2 er det eit tematisk oversyn over
desse satsingane.

3.4.4 Rekruttering og stabilisering

«Lærere med høy faglig og pedagogisk kompetanse er den viktigste forutsetningen for god kvalitet i skolen. I årene fremover vil det være en utfordring å rekruttere, utdanne og beholde dyktige lærere i skolen».

Delmål

- Styrka omdøme av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.
- Fylkeskommunen framstår som ein attraktiv arbeidsgjevar.
- Lærarane og leiarane er motiverte og har høg fagleg og pedagogisk kompetanse.

I kjenneteikna på kvalitet på opplæringa vert læraren framheva som faktoren med størst påverknad på elevane si læring. Å ha høgt kompetente tilsette er ei utfordring som omfattar både å rekruttere kompetent arbeidskraft og å behalde og vidareutvikle dei medarbeidarane som sektoren til ei kvar tid har. Utfordringa er langsiktig og krev langsiktig arbeid. Ei kartlegging av alderssamansetjinga i 2009 synte at det kunne ventast ein naturleg avgang på nærare 300 pedagogar av totalt 800 fram til 2020. I desse tala er også skuleleiarar. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein personalsituasjon som tilseier at ein bør arbeide systematisk med både rekruttering og stabilisering av eksisterande arbeidskraft.

Lønspolitisk plan for Sogn og Fjordane fylkeskommune er eit overordna styringsdokument og er ein viktig del av den samla arbeidsgjevarpolitikken. Ein fleksibel lønspolitikk skjer i kombinasjon med satsing på leiarutvikling, kompetanseheving, og eit godt arbeidsmiljø. Omdømebygging av fylkeskommunen som arbeidsgjevar, utviklar og tenestytar er også viktig for framtidig rekruttering og for at medarbeidarar vil halde fram å jobbe i fylkeskommunen. Systematisk kompetanseheving er noko av det viktigaste ein kan gjere for å behalde gode lærarar og sikre den kompetansen det er behov for i vidaregåande opplæring.


En god arbeidsgiverpolitikk:

- *Utgjør et felles verdifundament for folkevalgte, ledere, medarbeidere og tillitsvalgte*
- *Fremmer utvikling og måloppnåelse, arbeidsmiljø og trivsel*
- *Kan brukes i kommunikasjonen overfor omgivelsene for å øke kommunens attraktivitet*

(KS sin arbeidsgiverstrategi mot 2020)

Gjennomføringsstrategiar

- Kompetanseutvikling
- Ei offensiv og målretta rekruttering av både lærarar og skuleleiarar.
- Behalde arbeidskrafta gjennom mindre bruk av deltid, meir effektiv organisering, seniortiltak, rettleiing og oppfølging, og andre stabiliseringstiltak.
- Utvikling av ein delingskultur som stimulerer til utvikling av fagleg og pedagogisk kompetanse.
- Legge til rette for deltaking og medråderett for dei tilsette i fylkeskommunen.



- Heilskapleg og utfordrande leiarskap.
- Læreryrket vert gjort meir attraktivt gjennom profilering og omdømebygging.
- Ta i vare arbeidstakarane på ein god måte ved omstillingsprosessar i fylkeskommunen.

3.4.5 Bibliotekenesta

Delmål

- Skulebiblioteket er ein sentral læringsarena på skulen, integrert i læraren sitt pedagogiske arbeid.
- Skulebiblioteket er ei kunnskapskjelde, ein møteplass og eit senter for kunnskap og kreativitet i opplæringa.
- Skulebiblioteket er ein viktig bidragsytar til informasjonskompetanse hjå elevar og lærarar.
- Alle skulebibliotekarane er digitalt kompetente.

Skulebiblioteka ved dei vidaregåande skulene er ein sentral arena for læring og kulturopplevingar.

Biblioteket skal gje elevar og lærarar tilgang til og kjennskap til bruk av skulerelaterte

fysiske og digitale kunnskapsressursar. Biblioteket har fått endra oppgåver og fokus som fylgje av utviklinga av kunnskapssamfunnet og bruk av digitale ressursar. Biblioteket er ein nøkkelressurs i opplæringa mellom anna knytt til informasjonskompetanse og arbeid med digitale og fysiske kjelder.

Gjennomføringsstrategiar

- Kompetanseheving for bibliotekarane med særleg fokus på kunnskapssamfunnet og det digitale biblioteket.
- Fokus på skulebiblioteket i skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid.
- Bibliotekarstillingane vert gjort meir attraktive gjennom auka stillingsressursar.

3.5 Kvalitet på opplæringa i bedrift

3.5.1 Satsing på kvalitet

Delmål

- Lærlingar møter ei opplæring som er tilpassa den enkelte og som både gjev utfordringar og kjensle av meistring
- Faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmer har høg kompetanse
- Kvaliteten på opplæringa vert sikra gjennom gode system for rapportering og oppfølging

Å sikre god kvalitet på opplæringa i bedrift er viktig for den einskilde lærling og lære kandidat, men er også avgjerande for at vi skal kunne tilby arbeids- og næringslivet i fylket høg kvalifisert faglært arbeidskraft.

For å lukkast er det viktig at elevane i vidaregåande skule vert godt budde til overgangen til opplæringa i bedrift. Dette kan mellom anna skje gjennom nært samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet. Gjennom aktivt bruk av faget Prosjekt til fordjuping vil elevane bli kjent med forventningar og rutinar i næringslivet, og tilsvarande vil bedriftene kunne få realistiske forventningar om kva kunnskapar og ferdigheiter elevane stiller med når dei har fullført Vg2 i skule.

Overgangane i opplæringa er kritiske m.a. med omsyn til fråfall. Dette stiller krav til faglege leiarar og instruktørar i høve til korleis dei tek i mot nye lærlingar/lære kandidatar.

Læreplanane for Vg3 - opplæring i bedrift- er baserte på kompetansemål. For å kunne tilby den einskilde lærling og lære kandidat ei opplæring som er tilpassa og utfordrande er det svært viktig at faglege leiarar og instruktørar har god kompetanse i å utvikle individuelt tilpassa læreplanar med konkrete læringsmål.

Vurderingsarbeidet, både den dagleg undervegsvurderinga som instruktøren gjev, halvtårssamtalane og sluttvurderinga ved fag-/sveineprøve, må halde høg kvalitet. Dette kan ein oppnå gjennom å ha fokus på vurderingsarbeid og gjennom kompetanseheving av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmer.

Skuleeigar må ha gode system for rapportering frå

både opplæringskontor og frittstående lærebedrifter, og skuleeigar må vera på tilbodssida når det gjeld oppfølging og rettleiing av lærebedriftene. Tett oppfølging av lærebedriftene vil vera vesentleg for å sikre god kvalitet på opplæringa.

Eit godt læringsmiljø for den einskilde lærling vil vere avgjerande for læringsutbytte. Det vil derfor vera viktig at lærlingen blir teken godt vare på og integrert i arbeidsmiljøet i bedrifta, og at ein har syn for det «heile menneske» opp mot læresituasjonen.

Gjennomføringsstrategi

- Styrke og vidareutvikle samarbeidet mellom vidaregåande skule og arbeids- og næringsliv
- Kompetanseutvikling av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndsmedlemmar.
- Utvikle gode system for rapportering og oppfølging for opplæringskontor og lærebedrifter

3.5.2 Rett dimensjonering på opplæringstilbodet

Delmål

- Arbeids- og næringsliv er aktive medspelarar i prosessen kring dimensjonering av opplæringstilbodet.
- Opplæringstilbodet speglar satsingar innan næringsutvikling i fylket.
- Vi tilbyr ei opplæring som er i samsvar med arbeids- og næringslivet sine behov for faglært arbeidskraft

For arbeids- og næringslivet i fylket vil det vera avgjerande at det er samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for faglært arbeidskraft innan ulike fagområde. Det er utfordrande å få til gode prosessar der næringslivet kan melde inn sine behov og slik gjere fagopplæringsnemnda til ein reell medspelar i arbeidet rundt opplæringstilbodet.

Konjunkturane i næringslivet kan fort skifte og det kan vere krevjande å fange opp desse svingingane i eit opplæringssystem der det tek minimum 4 år å utdanne ein fagarbeidar. Ein må likevel arbeide for å ha eit mest mogeleg fleksibelt opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane, slik at ein så langt råd kan finne balansen mellom den enkelte ungdom sine ynskje og næringslivet sine skiftande behov.

Gjennomføringsstrategiar

- Gode prosessar med arbeidsliv og fagopplæringsnemnd i dimensjoneringsarbeidet.
- Styrkt samarbeid på tvers av sektorane i fylkeskommunen i høve satsingane innan næringsutvikling.
- Identifisere næringslivet sitt behov for framtidige arbeidstakarar.
- Gjere opplæringstilbodet meir fleksibelt i høve endringar i næringslivet sine behov.



Organisering

4. Organisering av vidaregåande opplæring

Ønskt situasjon for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane innan 2015:

- Det vidaregåande opplæringstilbodet er organisert slik at elevar og lærlingar:
 - Får ei opplæring med høg kvalitet
 - Får tilbod om alle utdanningsprogram og eitt breitt spekter av programfag i eige fylke
 - I størst mogleg grad får oppfylt sine ynskje om opplæringstilbod
- Det vidaregåande opplæringstilbodet samsvarar i størst mogleg grad med samfunnet sitt behov for kompetanse på ulike nivå.
- Det er lagt langsiktige planar for opplæringstilbodet for å fremje stabilitet og ein føreseieleg situasjon for tilsette, elevar og lokalsamfunnet.
- Vidaregåande opplæring er organisert på ein måte som fremjar robuste einingar og fagmiljø, slik at ein kan møte

endringar i rammer og føresetnadar utan å måtte endre strukturar i opplæringstilbodet.

- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein tek omsyn til endra økonomiske føresetnader, inkludert behovet for framtidige satsingar, og endringar som fylgje av den demografiske utviklinga.

Medlemmene Paul Jacob Helgesen (Sp), Anita Nybø (Sp), Svein Ottar Sandal (Krf) og Marita G. Aarvik (Frp) vil ha med slikt nytt punkt:

- Dei fleste elevar kan bu heime medan dei tek vidaregåande opplæring, og dei som må bu på hybel vert fylgt godt opp.

4.1 Innleiing

Som det er gjort greie for i kapittel 2 og i vedlegg 3, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune møte store utfordringar i opplæringssektoren dei næraste 10-12 åra. I hovudsak skuldast dette at

talet på ungdom i aldersgruppa 16-19 år er fallande. Statlege overføringer til vidaregåande opplæring er etter dagens ordning knytt til kor stor del av denne aldersgruppa fylket har. Det er liten grunn til å tru at endringar i inntektssystemet vil skiple samanhangen mellom tal personar i ei aldersgruppe og overføringa frå staten.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag høge driftskostnader per elev samanlikna med andre fylke. Ein del av forklaringa på dette er at skulemønsteret er desentralisert. Knapt nokon av skulane kan seiast å vere store i landssamanheng, medan fleire må reknast for å vere små. Med fallande elevtal i åra framover, vil denne strukturen bli sett på prøve.

I tillegg til å imøtekomme ungdommen sitt lovfesta krav på vidaregåande opplæring, skal skulane også tilfredsstille nærings- og arbeidsliv sine behov for faglært arbeidskraft. Fallande elevtal vil forsterke dei vanskaner som somme bransjar opplever allereie i dag når det gjeld rekruttering.

Samstundes med den kommande omstillinga, skal skulane arbeide etter kvalitetskrav som er sette mellom anna av skuleeigar i dette dokumentet. Ei stor utfordring vil difor vere å kunne gje skulane, leing og personale elles, ein føreseieleg arbeidssituasjon medan nødvendige endringar vert sette i verk.

Sogn og Fjordane er i ferd med å fullføre eit omfattande investeringsprogram i opplæringssektoren. Det står enno att skulebygningar som ikkje tilfredsstiller dagens miljøkrav. I det vidare arbeidet med ei omorganisering og strukturendring, vil det difor vere viktig med ei tett kopling mellom byggfaglege, økonomiske og pedagogiske vurderingar.

4.2 Kvalitet

Etter Opplæringslova er fylkeskommunen tillagd ansvaret for vidaregåande opplæring i offentleg regi, jfr. §13-3. Av dette følgjer sjølv sagt også at ein pliktar å streve etter høgast mogleg kvalitet i opplæringa. Omgrepet kvalitet i opplæringa er mangetydig, jfr. kapittel 3, men overordna er fagleg og pedagogisk kompetanse hjå personalet. I lova er dette formulert slik (§ 10-8):

Skoleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skoleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonalet, skoleleiarar og personale med sær oppgåver i skoleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

Med den alderssamansetnaden som no er i det pedagogiske personalet i dei vidaregåande skulane, vil det bli ei stor utfordring å sikre nyrekruttering. Å lukkast i rekrutteringsarbeidet vil vere avgjerande for å kunne halde høg kvalitet i opplæringa. Omstillingsarbeidet må difor organiserast slik at ein skaper minst mogleg uvisse blant dei tilsette, og omstillinga må difor også resultere i fagmiljø som verkar attraktivt for potensielle søkjarar. I kapittel 3 har ein peika på viktige

satsingsområde. Kor vidt ein skal greie å halde høg kvalitet på desse områda, er mellom anna avhengig av korleis det framtidige opplæringsstilbodet vert organisert.

4.3 Vurdering av moglege modellar for framtidig organisering

Styringsgruppa har undervegs vurdert fire ulike modellar for framtidig organisering:

Modell A: 14 skular som i dag, utdanningsprogramma fordelte som i dag.

Modell B: 14 skular som i dag, men samling av utdanningsprogram på færre skular, dvs. delvis spesialisering av skulane

Modell C: 1-4 færre skular som følgje av samanslåing eller nedlegging. Utdanningsprogramma fordelte som i dag.

Modell D: 1-4 færre skular som i modell C. Samling av utdanningsprogramma på færre skular, som i modell B

Modell A vil ikkje kunne gje nødvendig økonomisk innsparing. Derimot vil modellen kunne føre til utarming av fagmiljøa ved dei minste vidaregåande skulane. Situasjonen vil bli lite føreseieleg for elevar og tilsette.

Modell B gir i seg sjølv liten innsparingseffekt og nødvendig innsparing må takast i form av redusert gruppetal. Modellen frigjer ingen midlar til nye tiltak. Det kan difor reissast tvil om kor vidt modellen vil vere økonomisk berekraftig

Modell C vil kunne gje nødvendig innsparingseffekt, men har den ulempa ved seg at fordelinga av utdanningsprogram vil vere som i dag. Det er styringsgruppa sitt syn, med tilslutnad frå referansegruppa, at ein i ei omorganisering også må vurdere ei omfordeling av utdanningsprogram.

Modell D er vurdert slik: Små vidaregåande skular har sær gode føresetnader for å skape eit godt læringsmiljø og ein heilskap i opplæringa gjennom tett samarbeid med mellom anna grunnskule, pedagogisk- psykologisk teneste og heimen, jamfør kjenneteikna på kvalitet. I ein framtidig skulestruktur med noko færre skular enn i dag vil ein framleis ha ei overvekt av små einingar. Ein eventuell reduksjon i talet vidaregåande skular vil difor truleg ikkje få avgjerande konsekvensar for kvaliteten på læringsmiljøet og i kva grad ein har ei heilskapleg opplæring.

Kjenneteikna på kvalitet identifiserer kompetansen til læraren som avgjerande for kvaliteten på opplæringa. Som drøfta under modell C i vedlegg 3 «Notat om modellar for framtidig organisering av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane» vil det vere vanskeleg å halde på fagkompetanse og bygge solide fagmiljø utan at ein i større grad samlar utdanningsprogram på færre skular.

Modell D er den modellen som i størst grad vil skape ein føreseieleg situ-

asjon for tilsette og elevar, bidra til å halde på fagkompetanse og bygge fagmiljø, samstundes som ein vil oppnå naudsynt økonomisk innsparing (sjå eiga drøfting i vedlegg 3). Ulempe med modell D er at fleire elevar enn i dag ikkje vil få eit opplæringstilbod i eigen region og må flytte på hybel (ein får mindre breidde på opplæringstilbodet i regionane for å halde på breidde og kvalitet på tilbodet for fylket under eitt), og det vil få store konsekvensar både for lokalsamfunnet og den einskilde arbeidstakar

4.4 Vidare arbeid

Styringsgruppa meiner det i januar 2012 må setjast i gang eit arbeid med ein skulebruksplan for Sogn og Fjordane. Arbeidet tek utgangspunkt i den lovpålagde plikta fylkeskommunen har til å tilby vidaregåande opplæring, dvs. plikta til å tilby alle utdanningsprogramma, anten i eigen regi eller gjennom avtale med annan skuleeigar, og plikta til å tilby rettsøkjjarar plass på eitt av tre prioriterte utdanningsprogram.

På grunnlag av dei vurderingane som er presenterte i pkt. 4.3 ovanfor, meiner styringsgruppa at Modell D vil vere det beste alternativet for vidare arbeid med skulebruksplanen.

Medlemmene Paul Jacob Helgesen (Sp), Anita Nybø (Sp), Svein Ottar Sandal (Krf) og Marita G. Aarvik (Frp) vil ha med slikt nytt avsnitt:


«Det er ikkje utgreia nøyaktig kva innsparingar modell A-C kan gje. Det er heller ikkje gjort nokon estimat på alternative inntekter for skulane innanfor si rolle som regional utviklingsaktør, til dømes knytt til kursaktivitet, etterutdanning og kvalifisering for å møte nye kompetansekrav i samfunnet. Dette kan vere aktuelt for alle modellane. Elevane i den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane gjer det godt, og undersøkingar blant både elevar og lærlingar syner høg grad av trivsel. Styringsgruppa meiner difor at ein skal vere varsam med å gjere større endringar enn det som er naudsynt.»

Medlemmene Paul Jacob Helgesen (Sp), Anita Nybø (Sp), Svein Ottar Sandal (Krf) og Marita G. Aarvik (Frp) vil ha med slikt nytt avsnitt:

«Når ein samstundes veit at vidaregåande opplæring i dag og i framtida er å rekne som grunnleggande i samfunnet, vert konsekvensane for det enkelte lokalsamfunn svært store dersom ein mistar den vidaregåande skulen, eller store delar av tilbodet ved skulen.»

Medlemmene Paul Jacob Helgesen (Sp), Anita Nybø (Sp), Svein Ottar Sandal (Krf) og Marita G. Aarvik (Frp) vil ha med slikt nytt avsnitt:

«Styringsgruppa meiner at ein i det vidare arbeidet må vere open for å sjå på kombinasjonsløysingar mellom modellane når det er føremålstenleg. Til dømes at ein tek utgangspunkt i at dagens fylkesdekkande liner vert vidareført, og går vidare til å vurdere om dei ulike regionale tilboda har grunnlag i framtida eller om dei må bli fylkesdekkande osv.»



Medlemmene Paul Jacob Helgesen (Sp), Anita Nybø (Sp), Svein Ottar Sandal (Krf) og Marita G. Aarvik (Frp) vil ha med slikt nytt avsnitt:

«Endringsprosessar er krevjande og kan vere risikofylte. Styringsgruppa ynskjer at det vert eit grunnleggande prinsipp i endringsprosessen at ein gjer så små men effektive grep som mogleg.»

Planen skal vise korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune, innanfor framtidige økonomiske rammer, kan organisere ei vidaregåande opplæring med høg kvalitet og utnytte bygg og eigedommar mest mogleg kostnadseffektivt. Vidare skal skulebruksplanen vere i samsvar med overordna føringar, jmf. kap. 1.2. Planen skal leggje eit best mogleg grunnlag for politiske vedtak om framtidig organisering av vidaregåande opplæring. Det vil difor vere naturleg at følgjande tema vert vurderte i planprosessen:

- *Elevtalsutviklinga fram til 2024*
- *Framtidige økonomiske rammer*
- *Omfordeling av utdanningsprogram skular imellom*
- *Lokalt arbeidsliv sitt behov for fagarbeidarar*
- *Elevstyring/geografisk inntak*
- *Tal hybelbuarar/nærleik til skule*
- *Oppfyllingsgrad*



- *Samanslåing og/eller nedlegging av skular*
- *Personalpolitiske konsekvensar (flytting, overtal, rekruttering, kompetanse)*
- *Konsekvensar for fagmiljø og kvalitet i opplæringa*
- *Omstillingsevne*
- *Samarbeid med andre skuleeigarar om vidaregåande opplæring, jfr. Hordalandsavtalen, toppidrett o.a.*
- *Mogleg samarbeid med primærkommunar om utnytting av bygg og kompetanse*
- *Framtidig behov for investeringar*
- *Potensiale for sal av bygg og eigedommar*
- *Kostnader knytte til vedlikehald av unytta bygg*
- *Skysskostnader, også for hybelbuarar.*
- *Konsekvensar for lokalsamfunna ved endra organisering av vidaregåande opplæring*

Medlemmene Paul Jacob Helgesen (Sp), Anita Nybø (Sp), Svein Ottar Sandal (Krf) og Marita G. Aarvik (Frp) vil ha med slikt nytt punkt:

- *Utgreie samanheng mellom fråfall og programområde.*

Gjennomføringsstrategiar

- *Utarbeide skulebruksplan for Sogn og Fjordane*

fylkeskommune. Planen skal utarbeidast i eit samarbeid mellom fylkesrådmannen, hovudutval for opplæring og ekstern kompetanse. Planen vert sendt på høyring til kommunar, næringsliv og andre aktuelle samarbeidspartar i Sogn og Fjordane før den vert lagt fram for fylkestinget i mars 2013. Det sentrale siktemålet med planen er å leggje til rette for at den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane gjev elevar og lærlingar ei opplæring med høg kvalitet, samstundes som dei tilsette vert tekne i vare under den endringsprosessen som planen legg opp til, og best mogleg utnytting av fylkeskommunale bygg.

Medlemmene Paul Jacob Helgesen (Sp), Anita Nybø (Sp), Svein Ottar Sandal (Krf) og Marita G. Aarvik (Frp) vil ha med slikt nytt punkt:

- *Nytte samarbeid mellom skular, lærarkrefter og bruk av den beste teknologi for fjernundervisning for å gje eit breiast mogleg tilbod til elevane.*

Læringsplakaten

Skulen og lærebedrifta skal:

- Gi alle elevar og lærlingar/lærekandidatar like moglegheiter til å utvikle sine evner og talent individuelt og i samarbeid med andre
- Stimulere lærelyst, uthaldenheit og nysgjerrigheit hjå elevar og lærlingar/lærekandidatar
- Stimulere elevar og lærlingar/lærekandidatar til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking
- Stimulere elevar og lærlingar/lærekandidatar i deira personlege utvikling og identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse samt evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking
- Legge til rette for elevmedverknad og for at elevane og lærlingane/lærekandidatane kan gjere medvitne verdival og val av utdanning og framtidig arbeid
- Fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar
- Stimulere, nytte og vidareutvikle den enkelte lærar sin kompetanse
- Medverke til at lærarar og instruktørar står fram som tydelege leiarar og som førebilete for born og unge
- Sikre at det fysiske og psyko-sosiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring
- Legge til rette for samarbeid med heimen og sikre foreldre/føresette sitt medansvar i skulen
- Legge til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på ein meningsfylt måte



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE